

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Forslag A
Punkt 5 - § 4 (8g) skal lyde:
Det er ikkje tillate å røykja på skulen sitt område.

Røysting

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken.

Søviknes sitt forslag punkt 5 fekk 28 røyster (Frp, H, Sp SV, 1MDG, R) og fall.

Innstillinga punkt 5 fekk 4 røyster (Krf) og fall.

Vedtak

1. Gjeldande § 4 (3) tredje og fjerde setning vert sletta og erstatta av «Eleven skal ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hjå rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).»
2. Gjeldande § 4 (9) bokstav c første til og med fjerde setning vert sletta.
3. Siste setning i gjeldande § 4 (9) bokstav c om feriereiser vert flytta til ny § 5 (6) siste setning.
4. Følgande setning vert ny § 5 (6) nest siste setning: «Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeid, vert det ført fråvær for timane i faget det gjeld.